



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
80/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	17.08.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - S11	15/77

### SØKNAD OM KONSESJON BOGE 3 - ANMODNING NY VURDERING

#### Vedlegg:

Svar høringsuttalelse Boge 3  
SØKNAD OM KONSESJON FOR BOGE 3  
Vedtaksbrev  
Boge 3 kart overføringstunnelar 2.15  
nedslagsfeltet til Boge 3

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar brevet frå Boge kraft til orientering.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 80/2015

#### FPØ - Behandling:

Endringsframlegg frå Heidi Rongved, på vegner av AP, SP, KRF:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Det bør leggjast inn i konsesjonsvilkåra at alle omsyn vert tekne for at Bogevatnet skal vera kommunal drikkevasskjelde i 2 - 3 år og sidan vera reservevasskjelde for Vaksdalbygda.

Framføringsveg til kraftverket skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.

Oppstart av utbygginga skal ikkje starta før ny drikkevasskjelde i Sædalen er på plass.

Vedteke mot 1 røyst (SV)

#### FPØ - Vedtak:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Det bør leggjast inn i konsesjonsvilkåra at alle omsyn vert tekne for at Bogevatnet skal vera kommunal drikkevasskjelde i 2 - 3 år og sidan vera reservevasskjelde for Vaksdalbygda.

Framføringsveg til kraftverket skal liggja ein meter under sommarsesongens lågaste regulerte vasstand.

Oppstart av utbygginga skal ikkje starta før ny drikkevasskjelde i Sædalen er på plass.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Kommunestyret gjorde i møte den 4. mai 2015 (sak 26/2015)følgjande vedtak:

*Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Boge 3 kraftverk. Bogevatnet vert nytta som kommunal drikkevasskjelde i enno 2-3 år og seinare som reservevasskjelde. Tiltaket kan gje negative effektar for dette. I tillegg vil endra tapperegime med overføring av Krossatjørnane til Svartavatnet og tapping av dette vatnet med tunnel ned at til ny kraftstasjon ved Bogevatnet vera negativt i friluftsamaheng med tørrlagde elvefar og sørjerender i magasina. Vaksdalsvassdraget vil missa vassføringa frå Svartavatnet. Dette vassdraget er frå før kraftig regulert og nye reguleringar er planlagt med fråføring av vatn i øvre del til Samnanger.*

I brev frå Boge kraft AS til Norges vassdrags- og energidirektorat vert Vaksdal kommune anmoda om å ta saka opp til ny vurdering. Det er gjort ein endring i søknaden:

1 Vegen langs Bogevatnet fram til kraftstasjonen vert senka under sumarsesongens lågaste regulerte vasstand (LRV), som er 1 meter under HRV. I konsesjonssøknaden som vart handsama i kommunestyret 4. mai var vegen lagt 0,1 m under HRV.

Når det gjeld natur og miljø peiker Boge kraft på at det ikkje vert endringar i reguleringsregimet for Krossatjørna. Vidare så peiker Boge kraft på at restfeltet ned mot fossen i Fossadalen har same storleik som nedbørfeltet til Krossatjørnane slik at det visuelle inntrykket av fossen i nokon grad vert ivareteken.

Fråføring av vassføring til Vaksdalsvassdraget utgjer 21 % i nær Svartavatn, medan den gradvist minkar nedover i vassdraget til 3 % nedst i vassdraget.

### **Vurdering**

Etter rådmannens vurdering er informasjonen frå Boge kraft om vassføring og reguleringsregime ein presisering basert på kjente opplysningar i konsesjonssøknaden. Dei negative effektane for natur og friluftsliv vert som før.

Senking av vegen langs Bogavatnet er vil reduserer risikoen for motorisert ferdsl langs Bogevatnet, og såleis positivt for drikkevasskjelda.

### **Konklusjon**

Etter rådmannens vurdering er endringa i konsesjonssøknaden ikkje vesentleg. Det er heller ikkje lagt fram vesentlig ny informasjon.